

Samferdselsdepartementet

postmottak@sd.dep.no

Uttale frå Landslaget for lokalaviser (LLA) til

Høyring – Forslaget til ny postlov

Dykkar ref: 25/5231-

Landslaget for lokalaviser (LLA) er interesseorganisasjon for ca 130 lokalaviser landet rundt. LLA arbeider med rammevilkår frå spørsmål knytt til ytringsfridom, til innsyn og pressestøtte. LLA legg mykje ressursar i å hjelpe lokalavisene med digital satsing og innovasjon knytt til dette. LLA har og eit omfattande kompetansearbeid med drift av idébank, rådgjeving og har årleg over 700 lokalavismedarbeidarar på skreddarsydde faglege kurs og seminar. LLA har kontinuerleg tiltak for å hjelpe lokalavisene til å løfte journalistikken. Samarbeidet med NRK og SUJO om Samarbeidsdesken er ei stor satsing som leverer lokalavisene data og anna grunnlagsmateriale til å laga god og viktig journalistikk i sine lokalsamfunn.

Endringa i postlova inneber at fast postomdeling til alle postkasser i landet blir redusert til ein dag i veka, frå i gjennomsnitt to og ein halv dag i veka. I forslaget blir det ikkje sett krav til leveringsdag(dagar). LLA meiner at ein av omsyn både til innbyggjarar, næringsliv og kostnader med avbøtande tiltak bør ha faste dagar i kvar geografi.

Positivt forslag om avisdistribusjon i ny postlov

LLA er glad for at postomdeling og postinnhenting skal gjerast til og frå postkasse. Når utleveringsplikta annankvar dag blir fjerna frå postlova vil det auke behovet for avbøtande tiltak på forskjellige samfunnsområde, blant anna avisdistribusjon der ein i dag kan kombinere anbud med ordinær postomdeling. Det blir ikkje muleg med postomdeling ein dag i veka. Då blir eit anbud for distribusjon av papiravisa endå viktigare for lokalavisene.

LLA set pris på at regjeringa i forslaget til ny postlov foreslår å sikre avisdistribusjon, og då minimum tre dagar i veka, i område utan kommersielle avisbudnett, så lenge papiravisa framleis er ei viktig inntektskjelde for dei små redaktørstyrte lokalavisene.

LLA set pris på at det i forslaget blir lagt til grunn at utforminga av avisdistribusjonen blir tilpassa bransjen og særleg lokalavisenes behov.

Det er viktig å understreke at dei fleste lokalavisene har mesteparten av sine abonnentar i den geografien som ikkje har kommersielt avisbudnett og slik er heilt avhengig av at staten sikrar avisdistribusjon gjennom anbud, som foreslått.

Vurdering av forslaga til ny postlov

Landslaget for lokalaviser (LLA) konstaterer at brevvolumet er gått kraftig ned dei siste tiåra, og at denne utviklinga vil halde fram i ei tid der digital kommunikasjon i det vesentlege overtar for brev. Det er eit endra behov og då naturleg å vurdere om det er muleg å ta ned statens kostnader til postlevering.

LLA støttar at det blir foreslått å tydeleggjere at det å sende og motta post er ein rettigheit. Vidare at lova skal legge til rette for at brukarane har tilgang til gode, trygge og framtidssretta posttenester til overkomelege prisar. Det er naturleg å legge opp til best muleg utnytting av ressursane som blir brukt og at det er naudsynt å endra tenestene for å nå dei forskjellige målsettingane. Men vi vil samstundes peike på at innsparing på eitt samfunnsområde kan gje auka samfunnskostnader på andre område, både i kostnader og livskvalitet.

Det er ein realitet at forslaget til ny postlov inneber ei nedbygging av postens landsdekkande infrastruktur som truleg er irreversibel. Er konsekvensane for beredskap i landet utgreia godt nok?

Posten utgjer ein kritisk del av beredskap og infrastruktur i samfunnet og er avgjerande for å sikre kommunikasjon, tenester og beredskap i heile landet. Det gjeld spesielt for ei veksande gruppe eldre, og andre gruppe som er ikkje er digitale. Mange av dei same gruppene er heller ikkje mobile.

Det er viktig at framtidige posttenester sikrar at alle innbyggjarar, uavhengig av geografi, funksjonsevne og digital kompetanse, framleis mottar likeverdige posttenester.

Omfang og prisføring på avisdistribusjon

For lokalavisene i LLA vil levering tre dagar i veka vere tilstrekkeleg.

I dag garanterer anbodet levering av papiravis fire faste dagar i veka i eit motsyklisk samspel med Postens ordinære distribusjon. Denne motsykliske og dermed kostnadssparande løysinga vil ikkje vere muleg med ei løysing der omdelinga kan vere på vilkårlege vekedagar.

Det er svært uheldig dersom ikkje innbyggjarar og næringsliv kan ha nokre faste dagar å halde seg til. Særleg for eldre og dei som har redusert mobilitet vil det vere uheldig å ikkje vite kva dag det er postomdeling/postinnhenting. Vi vil her peike på at det er eit uttalt politisk mål at alle skal kunne bu i eigen bustad så lenge som muleg.

For LLA vil prioritering av dagar som eit anbod skal sikra distribusjon følgje dagane med flest avistitlar. Torsdagen er i dag desidert størst i tal avistitlar, følgd av fredag og så tirsdag.

LLA vil og få peike på at eit anbod om avisdistribusjon må innehalde føringar om at prisen må vere nøktern og til å bere for avisene som skal nytte seg av anbodet. Det er ikkje stor hjelp i ei god distribusjonsløysing dersom den er prisa slik at den vil utarme avisene som er avhengig av anbodet.

Posttenester viktig for busetnad og næringsliv i distrikta

LLA er opptatt av god infrastruktur i distrikta, og at ikkje løysingar med sikte på innsparingar skal svekka busetnad og næringsliv i distrikta. Det er i distrikta marknaden ikkje kan løyse posttenestene som den enkelte innbyggjar treng, og der næringsliv som media treng aktive tiltak som anbod for avisdistribusjon. Det er difor viktig at reduksjonen av frekvens i omdeling blir gjennomført på ein måte som gjer skadeverknadane minst muleg, og at avbøtande tiltak, som avisdistribusjon blir etablert.

For å sitere grunnlova § 100: *Ytringsfridom skal det vere ... Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.*

Ytringsfridom er den viktigaste verdien i eit velfungerande demokrati.

Redaktørstyrte medier med tilstrekkeleg med ressursar til å lage journalistikk av høg kvalitet og slik levere på samfunnsoppdraget er viktigare enn nokon gong. Lokalavisene gir informasjon og lagar journalistikk om saker som er viktige for innbyggjarane, dei er den trygge lokale ytringsarenaen.

Lokalavisene er grunnfjellet i mediemangfaldet og er viktigare enn nokon gong. Lokalavisa er mediet som er nærast innbyggjaren og slik førstelinje i den digitale motstandskraft i samfunnet.

Lokalavisa er lim og lupe, felleskap og fyrstårn. Alle lever vi våre liv lokalt.

Media i vårt land ligg fremst i digitalisering og ikkje minst brukarinntekter samanlikna med andre. Men papiravisene landet rundt er framleis heilt avgjerande for å finansiere journalistikken og den digitale omstillinga. Difor er distribusjon av lokalavisa til abonnentane heilt avgjerande for å ta vare på mangfaldet av lokale medier.

Etter at Posten reduserte frekvens frå juli 2020 vart det vedtatt ei kompensasjonsordning ved eit anbod der staten finansierer distribusjon der det ikkje er egne avisbod. Denne ordninga er seinare justert og forlenga til å gjelde fram til juli 2026, og nå er det lyst ut eit nytt anbod også vidare. Dette er ei god ordning som har gitt stabile rammevilkår for papiravisene, og er heilt avgjerande for dei fleste lokalaviser for å klare å finansiere journalistikken.

Oppsummert frå LLA:

- LLA ser det som særst positivt at det i forslaget til ny postlov så tydeleg blir uttrykt redaktørstyrte mediers viktige samfunnsrolle og at det blir foreslått å sikre avisdistribusjon så lenge papiravisene er viktig inntektskjelde for dei små redaktørstyrte mediene.
- LLA ser det som avgjerande viktig at det i forslaget til ny postlov blir foreslått å sikre avisdistribusjon i den geografien som ikkje er dekkja av kommersielle avisbudnett ved anbud med levering tre faste dagar i veka. Det vil tilfredsstille lokalavisene i LLAs behov. LLAs tydelege prioritering av dagar i anbudet følgjer tal avistitlar som blir distribuert på dei enkelte dagar slik; 1. Torsdag 2. Fredag 3. Tirsdag
- LLA ser det som positivt at det i forslaget til ny postlov vert lagt opp til omdeling til postkasse ein dag i veka. Det er viktig at dette blir organisert til beste for innbyggjarar og næringsliv ved å ha faste omdelingsdagar i kvar geografi.
- Posten er viktig infrastruktur, spesielt i dei delar av landet der marknaden ikkje kan løyse behovet for posttenester. Det må takast omsyn til i gjennomføring og med avbøtande tiltak.
- Posttenester utgjer ein kritisk del av infrastrukturen i samfunnet og er viktig for totalberedskapen i samfunnet. Det er ekstra aktuelt nå med ein uroleg situasjon i verda.
- Det er eit samfunnsansvar å sikre at alle i samfunnet har eit godt tilbod, både eldre, og personar som av forskjellige grunnar ikkje er digitale må vere inkludert og bli informert.
- Av omsyn til alle innbyggjarar med forskjellig mobilitet bør «På dørterskelen» gjerast til eit nasjonalt forsøksprosjekt.

Husnes/Oslo 20. januar 2026

Med venleg helsing Landslaget for lokalaviser
Tomas Bruvik, generalsekretær
Øystein Øygarden styreleiar

Den største styrken til det norske samfunnet er at vi har tillit til samfunnsinstitusjonane, både offentlege og frivillige organisasjonar. Det gjer òg at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for tilliten til demokratiet.

Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet, og i alle delar av samfunnet og som er med på å skape eit gjennomsiktig samfunn, kjem tillitssamfunnet gradvis til å forvitne. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.